

Hovudkvarter og fangeleir på Utsund 1945

Heimefronten i Vest-Telemark oppretta hovudkvarter og fangeleir på folkehøgskulen på Utsund i maidagane 1945.

Her fortel Jon H. Ofte litt om livet i leiren. Henta frå: «Me ville vera med – Tokke historielag 1984

Ei tid framover hadde me to forlegningar. På Fjellheim i Seljord og på Utsund (Frontkjemparskulen) i Kviteseid. Med fangeleirar på båe plassane. Etter ei tid vart dei samla i Kviteseid, med meg som ansvarshavande, og Arne Nordskog som nestkommanderande. Me hadde 66 NS fangar på det meste. (Ein del av dei mest «prominente» NS var tekne ned til Skien og Porsgrunn).

Det var nok litt stussleg for desse ei tid framover. Men det var vel eigentleg ikkje nokon ferie som var tiltenkt heller. Då det leid på, fekk me opprette eit arbeidsfelt ute i Holteviski. Tømmer- og vedhogst leida av Ingvald Lid. Det vart soleis både mosjon, sol og luft. Og tidsfordriv. På den tidi hadde me og overteke fangane frå Fyresdal-leiren. Dei var no underlagde politiet, (lensmannen i Kviteseid) men administrering og drift låg under oss i HS til me gjekk inn i Vakt-bataljonen.

Det var nok litt mobbing og småkrangel fangane imillom av og til.

Ein gong måtte me taka ein og setja på «einecelle» ei stund, men med litt irettesettelse og godprat ordna det seg alltid. Om forholdi var primitive, so var både behandling og forpleining so ulikt mykje betre enn det me opplevde i tyskarleirane. Våre fangar slapp nattlege forhør med tortur og bestialsk behandling ogso.

Når ein tenker attende, må ein bare beundre alle desse staute HS-gutane. Alle saman visa ein disiplin og ei ansvarskjensle som ein bare finn hjå slike som kan setja eigeninteressa og kjenslor til side. Alle var kjende med at dei var dødsdømde om uhellet var ute. Og nokon kvar kunne hatt grunn nok til å «stelt» litt ekstra med motparten. Men so vidt eg kjenner til, tok ingen av HS-gutane slikt i eigne hender. Det var rettsinstansane som kom inn der.

Det var elles ikkje bare gutar som gjekk inn i motstandskampen. Me hadde nokre jenter med i organisasjonen ogso. Me hev grunn til å sende ein varm takk til alle dei jentor og konor som skaffa hus og mat til undergrunnsfolk. I all stillhet fiksa dei både det eine og andre, vel vitande om at det nok var «farlegt folk» dei hjelpte.

Det var sjølvsagt uråd å bare feire freden. HS-gutane måtte bli dimitera so langt råd. Det var tid for våronn. Mange hadde sin elles faste jobb som dei hadde teke fri ifrå i samband med mobiliseringi 8. mai. (Og elles dei som måtte røme). Heldigvis hadde me nokre som hadde høve til å bli fastare stasjonera ved leiren. Desse utgjorde staben, og dei greidde det fortrinleg. Eg må få lov å namngjeva desse, og vonar eg ikkje gløymer nokon.

Det var :

Arne Nordskog, leirsjef, Aslaug Solvang, kokke, Ragnvald Orre, vaktstjef, Signe Brekke, kokke, Torleiv Lauve, forsyningsstjef, Bergit Bjåland, kokke, Brynjulv Bekkhus, altmulegmann, Tulla Skogheim, kjøkenhjelp, Einar Lindestad, 15 år, altmulegmann, Gunhild Tveit kjøkenhjelp.

Dessutan fire sjåførar til disposisjon. Nemleg:

Toralf Midtbøen, Otto Kleiv, Torbjørn Haugan, Halvor Hau-gan,

Arne måtte vera ein sær dugande administrator. Dei daglege gjeremål i leiren la eg heilt i hans hender. Sjølv var eg i leiren nesten støtt. Det var nok å gjera med kontorarbeid og personlege møte med fangar og rettsapparatet. Dessutan med Avsnittet og distriktskommandoen, og seinare med Vaktbataljonen m.m.

I tillegg til staben måtte me lenge hava om lag 40 mann til vakt og patruljeteneste, og

Arne sette opp mannskapslistar slik at det vart den best moglege rullering av HS-gutane imillom. Det kneika nok av og til å få dei lause frå sitt daglege arbeid, men heile leirlivet vart avvikla so å sei utan ei einaste klage.

Alt dette ligg no om lag førti år attende i tidi, men må eg likevel få lov å uttrykke mi mest djupfølte takk for det de var, og det de gjorde. Noko som førde til at det ikkje kom ei einaste klage på nokon av dykk.

Leiren vart avvikla i midten av september 1945. Resten av fangane vart overførde til Porsgrunn/Skien. Etter Heimstyrkane vart dimittera, var me underlagde Vaktbataljonen, som for ein vesentleg del bestod av norske flyktningar oppsette i avdelingar i Sverige. Trimma av svenske og norske instruktørar, under kommando av den eventyrlege svensken Harry Sødernann. Han som med eit-par-tri mann, beordra den tyske ledelsen for ein hær på nesten firehundre tusen å møte på svenskegrensa og forlanga full kapitulasjon. Dessutan frigjering av fangane på Akershus, Grini o.s.v. Og fekk sin ville.